



Bøkkerverkstaden er ein populær møteplass. I fjor var det til og med bryllupsfeiring der. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Mange blåtur- og personalgrupper ynskjer å bruka Bøkkerverkstaden på Rød i mai og juni månad, opplyser Kristian Bringedal til uskedalen.no. Det er ei gledeleg og positiv utvikling.

Utan noko form mfor marknadsføring har heile seks grupper meldt si interesse og fredagar og laurdagar er dei mest aktuelle bruksdagane. Leigeinntektene kjem vel med, Det er framleis att 15.000 kroner før kaien, som vart teken i bruk i fjor, er betalt. Dersom andre grupper ynskjer å leiga Bøkkerverkstaden, må ein melda frå til Hallvard Rød eller Kristian Bringedal.

Det vert no arbeid med ei eiga heimeside for Bøkkerverkstaden der det vert høve til å registrera leige digitalt. Siv Framnes og Hallvard Rød er ansvarleg for denne sida. Det skal også lagast ei flygeblad med informasjon til verksemdar om bruken. Ein legg opp til samarbeid med Sparbutikken og Hjørnevåg om levering av mat. Den tradisjonelle Bøkkervelden med jazzmusikk, lubbesild og anna program er lagt til fredag 27. juni og dei som ynskjer å vera med kan melda seg alt no.